

Svar på interpellasjon om om lokalt tilpassa regelverk om vasscooterkøyring

Interpellasjonen frå Karina Garnes Reigstad (MDG) går på at ein ønskjer å gjeninnføre den gamle forskrifta fram til rådmannen har fått klarlagt kva konsekvensar opphevinga får, og at det til hausten skal leggjast fram ei sak som fortel kva reglar meland kommune skal leggje seg på.

La det vere heilt klart i starten av innlegget mitt, eg er heilt einigi det aller meste som interpellanten skriv i innlegget sitt. At regjeringa har trumfa gjennom liberaliseringa av vasscooterreglane, på tross av den motstanden som er i kommune-Norge, kan føystast på lista over «store politiske sigrar», slik som segway og lakrispiper.

Men, den gamle forskriften er oppheva, vasscooter blir no rekna som ein småbåt. Dette kompliserer biletet når det gjeld å regulere dette fartøyet. Dersom vi skal innføre eiga forskrift, t.d. etter hamne- og farvasslova, den sentrale fartsforskrifta, etter motorferdsleslova eller småbåtlova, så er det uansett ei tre månaders høringsfrist for dette. Det vil og vere komplisert å innføre dette berre for Meland kommune.

Eg vil legge fram eit alternativt framlegg til vedtak i saka, der vi foreslår at vi oversender saka til rådmannen og at han tar kontakt med rådmennene i nabokommunane, om eit ev. samarbeid om utarbeiding av ei forskrift som regulerer vasscooterkøyring.

Alternativt framlegg til vedtak:

Saka blir send til rådmannen som blir beden om å ta kontakt med nabokommunane om eit ev. samarbeid om ei felles tilnærming til saka.

Frekhaug, 14.6.2017

Øyvind H Oddekalv